

## **STYRESAK**

**GÅR TIL:** Styremedlemmer

**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 03.12.2020

**SAKSHANDSAMAR:** Vidar Vie

**SAKA GJELD:** Årleg melding 2020 for Helse Førde HF

**ARKIVSAK:** 2020/8855

**STYRET:**

Styret i Helse Førde HF

**MØTEDATO:**

**18.12.2020**

**STYRESAK:**

**077/2020**

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

1. Styret godkjenner årleg melding 2020 for Helse Førde HF.
2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å oppdatere aktivitetstal, økonomital og nødvendige kommentarar knytt til tala før årleg melding blir send til Helse Vest RHF 15. januar 2021.

## **Oppsummering**

Covid-19 har prega Helse Førde i 2020, som dei fleste andre delar av samfunnet. Føretaket har lagt vekt på å følgje opp styringsdokumentet, men årleg melding syner at pandemien mellom anna har påverka aktivitet, ventetider, fristbrot og korridorpasientar.

## **Fakta**

Årleg melding er ein rapport som viser korleis Helse Førde HF har følgt opp dei ulike punkta i styringsdokumentet frå Helse Vest RHF. Innhaldet tek føre seg dei helsefaglege, økonomiske og organisatoriske styringskrava.

Helse Førde har gjennom mange år levert gode kvalitetsresultat. Pandemien, og tiltaka som vart innførte på grunn av den, har påverka fleire av desse resultata. Generelt vart ventetidene lengre, fristbrota og korridorpasientane fleire, og aktiviteten gjekk ned. Men utsлага var ulike i dei forskjellige delane av sjukehusdrifta.

Psykisk helsevern lukkast i stor grad med å halde oppe aktiviteten. Mellom anna ved utstrekkt bruk av video- og telefonkonsultasjonar. Del tvangsmiddeltiltak har derimot ein auke, truleg fordi berre dei sjukaste pasientane vart innlagde i perioden mars-juni. Ventetidene i BUP auka også. Smitteverntiltaka var strenge i vår, og ein del utgreiing av born og unge let seg vanskeleg gjennomføre på video eller ved telefonkonsultasjonar.

Drifta i medisinsk og kirurgisk klinikks har vore sterkt prega av tiltaka under pandemien i heile år. All elektiv drift som kunne vente stansa opp i vår, og dei fleste avdelingane unntatt kreftområdet fekk lengre ventetid. Desse klinikkane har også hatt auke i korridorpasientar og fristbrot i 2020. Delar av dei somatiske klinikkane har bruk omfattande ressursar til å etablere og drifte kohortar, analysere prøver og ei rekke andre oppgåver knytt til pandemien. Det gjeld også ressursar i stabsfunksjonar og psykisk helsevern.

Pandemien har også prega føretaket si evne til å utføre oppgåver som ikkje er direkte knytt til pasientbehandling. Prosjektarbeid, revisjonar og møteverksemeld er utsett og avlyst, både på grunn av smitteverntiltak og fordi det har vore større behov for ressursane i pandemiarbeidet.

Andre oppgåver har vore mogeleg å utføre utan at arbeidet i same grad har vore prega av pandemien. Utbygging av nye Førde sjukehus er eit omfattande prosjekt og eit viktig løft for å sikre ei god ramme for framtidige spesialisthelsetenester til innbyggjarane i «gamle» Sogn og Fjordane. Prosjektet vil i 2020 ferdigstille første byggesteg med nybygg for psykisk helsevern – kalla Dagabygget.

Planlegging av neste byggesteg for somatikken er under ferdigstilling. Det vert arbeidd med å planlegge for meir moderne drift i nye lokale, mellom anna ved å innføre einerom, sengetun, observasjonspost, ny akuttflyt, nye operasjons- og intensivareal mv. Ny teknologi/digitalisering for betre kommunikasjon skal takast i bruk, og gje betre tenester for pasientane og ein enklare arbeidskvardag for medarbeidarane. Byggeplanane blir også gjennomgått med tanke på smittevern og erfaringane som er gjort under pandemien.

Økonomisk prognose tilseier at budsjettkravet på 36 millionar i pluss vert nådd med god margin. Dei fleste tala i årleg melding er elles sist oppdaterte ved utgangen av november. Ved oversending til Helse Vest bør dei i størst mogeleg grad oppdaterast slik at meldinga får med seg heile året.

## Kommentarar

Årleg melding 2020 er ei tilbakemelding på og vurdering av aktivitetar og tiltak i Helse Førde etter ein mal basert på styringsdokumentet. Orda covid-19 og pandemi går att i dokumentet. Det kan likevel vere at det svært omfattande arbeidet som er lagt ned for å gjere Helse Førde best mogeleg rusta til å handtere pandemien, er underkommunisert.

I realiteten har alle delar av verksemda vore involverte i dette arbeidet. 2020 har på mange måtar vore ei samanhengande trimming av beredskapsarbeidet i føretaket. Planar og rutinar er skrivne, gjennomgått og kommunisert, kohortar, mottak og vakthald er etablert, logistikk er lagt om, screening og analyser er utførte, lager er lagt om og rom og utstyr har kome på plass. For å nemne noko.

Arbeidet med å etablere meir forpliktande helsefellesskap er forseinka grunna covid-19-situasjonen. Men som det går fram i årleg melding, har pandemien også ført til eit nært samarbeid og hyppige møte med kommunane. Det er god grunn til å tru at dette samarbeidet vil ha verdi inn i framtida, også etter ein pandemi. Slike positive sideverknader er det grunn til å tru at også det andre pandemiarbeidet vil føre med seg.

## Konklusjon

Administrerande direktør rår styret til å vedta «Årleg melding 2020 for Helse Førde HF» slik den ligg føre, men at administrerande direktør har høve til å oppdatere aktivitetstal, økonomital og nødvendige kommentarar knytt til desse tala før årleg melding blir send til Helse Vest RHF.

Vedlegg: Årleg melding 2020 for Helse Førde HF